

Læreplan i logistikkfaget – modulstrukturert

opplæring for voksne

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 30. mai 2024 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2024

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 logistikkfaget handlar om lagring, internttransport og klargjering av varer og gods til sending. Faget skal bidra til at lærlingane utviklar kompetanse i logistikkoppgåver i bedrifter og på person- og godsterminalar der vareflyt er ein del av verksemda. Faget skal bidra til at samfunnet på ein sikker og effektiv måte organiserer samferdsel og varetek andre sine verdier under transport og lagring. Faget skal òg bidra til at arbeidslivet har strukturerte og løysingsorienterte logistikkoperatørar med kompetanse innanfor planlegging, drift og organisering av transport internt og eksternt.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 logistikkfaget skal bidra til å utvikle identiteten til den enkelte som logistikkoperatør. Krittisk tenking blir utvikla gjennom arbeid med praktiske oppgåver der valet og utføringa til lærlingen har betydning for vareflyt, vare- og godshandtering og persontransport. Etisk medvit blir fremja gjennom refleksjon over ansvaret det medfører å vareta reisande og handtere andre sine verdier. Engasjement blir utvikla når lærlingane erfarer korleis fagkompetansen deira bidreg til at personar, varer og gods kjem fram til rett stad til rett tid.

Kjerneelement

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om å vurdere risiko ved utføring av arbeidsoppgåver og å vareta seg sjølv og kollegaer i utøving av yrket. Det handlar òg om å velje og bruke rett verneutstyr, kledning og hjelpemiddel og å sikre at arbeidsoppgåvene blir gjorde på ein forsvarleg måte som hindrar ulukke og skadar på personar og materiell.

Verdikjede

Kjerneelementet verdikjede handlar om å utvikle ei heilskapsforståing av korleis effektive logistikkoperasjonar i heile verdikjeda bidreg til auka lønnsemd for kundar, leverandørar og bedrifter. Det handlar òg om å ta imot, handtere og klargjere varer, gods eller passasjerar på ein effektiv og nøyaktig måte i tråd med rutinane til bedrifta og gjeldande regelverk. Vidare handlar det om å bruke aktuelle registreringssystem, velje emballasje, klassifisere og dokumentere varer og gods i samsvar med kravet bedrifta har til kvalitet og lønnsemd. Det handlar òg om å bruke og halde ved like tekniske hjelpemiddel i produksjonen og å bruke sikringsutstyr i ulike transport- og logistikkoperasjonar.

Planlegging og forbetningsarbeid

Kjerneelementet planlegging og forbetningsarbeid handlar om å planleggje logistikkoppgåver, berekne framføringstider og vurdere transportløysingar i samsvar med eigenarten til varene, godset eller passasjerane og kvalitetskravet til bedrifta og kunden. Det handlar òg om å kunne identifisere moglege forbetningsområde og foreslå konkrete forbetringstiltak innanfor logistikkfunksjonane til bedrifta.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 logistikkfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om kompetanse til å gjere gode, langsiktige val for å kunne handtere psykososiale utfordringar og arbeide i faget over tid. Det handlar òg om korleis skiftarbeid, fysisk krevjande arbeid og stillesitjande arbeid påverkar oss, og korleis trening, gode søvnrutinar og eit sunt kosthald kan fremje fysisk og psykisk helse.

Berekraftig utvikling

I vg3 logistikkfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å forstå og reflektere over korleis ulike val i samband med person-, vare- og godstransport påverkar miljøet. Det handlar òg om å bruke grøn logistikk og å velje transport, emballasje og avfallshandtering som reduserer miljøavtrykket til bedrifta.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 logistikkfaget inneber å lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale og å beskrive og forklare ulike typar arbeidsoppgåver. Det inneber òg å bruke fagspråk og faguttrykk, fremje eigne synspunkt og drøfte problemstillingar. Vidare inneber det å kommunisere med andre og tilpasse munnleg tekst til mottakar og formål.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 logistikkfaget inneber å bruke fagspråk i tekstar tilpassa mottakar og formål. Det inneber òg å gjere notat og planleggje, utforme og omarbeide tekstar. Vidare inneber det å utforme rapportar og dokumentere logistikkoperasjonar i tråd med prosedyrane og krava i bransjen.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 logistikkfaget inneber å finne, tolke og samanlikne informasjon. Det inneber òg å setje seg inn i og bruke nasjonal og internasjonal fraktdokumentasjon og instruksjonar frå kundar og eksterne aktørar. Vidare inneber det å forstå og kritisk vurdere fagleg informasjon om eigenarten til varene og godset eigenart og korleis dette skal handterast.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 logistikkfaget inneber å tolke og forstå informasjon om vekt, volum, mål og tid og å utføre berekningar knytte til transport og handtering av gods. Det inneber òg å forstå og bruke nøkkeltal og lønnssemndsvurderingar i rekneskapen til bedrifta.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 logistikkfaget inneber å bruke digitale og automatiserte system, applikasjonar og handverktøy til å søkje etter og innhente informasjon og å kommunisere med kundar, eksterne aktørar og kollegaer. Vidare inneber det å planleggje, produsere og dokumentere arbeidsoppgåver. Det inneber òg å utvikle etisk medvit og å vise digital dømmekraft ved å følgje reglar og normer.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering grunnleggjande bransjeforståing

Kompetansemål etter grunnleggjande bransjeforståing

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- gjere greie for partssamarbeidet i bedrifta og reflektere over pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og over kva krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande arbeidsliv
- gjere greie for omgrepa og forklare samanhengen mellom berekraftig utvikling, miljøvenleg drift og grøn logistikk (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- forklare prosedyrar ved transport over landegrenser (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- gjere enkle økonomiske berekningar og vurdere kva faktorar som har betydning for prisfastsetting av oppdrag (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)

- lytte til, forstå og bruke fagterminologi munnleg og skriftleg i arbeidssituasjonar (hentet fra Læreplan i engelsk)
- lese og samanfatta fagleg innhald frå engelskspråkleg dokumentasjon (hentet fra Læreplan i engelsk)
- planleggje og utføre transport med sikker, effektiv og miljøvennleg bruk av tekniske hjelpe- og transportmiddel

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i modulen grunnleggjande bransjeforståing når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i modulen grunnleggjande bransjeforståing. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i lærefaget. Kompetansemåla i alle modulane skal forståast i lys av teksten om faget.

Lærlingen skal ha éin midtvegsvurdering ved avslutninga av opplæringa i grunnleggjande bransjeforståing. Midtvegsvurderinga har karakteruttrykket godkjent/ikkje godkjent.

Kompetansemål og vurdering produksjon og logistikkoperatøren si rolle

Kompetansemål etter produksjon og logistikkoperatøren si rolle

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- handtere avfall i tråd med bedriftsinterne krav og reflektere over miljømessige konsekvensar av avfallshandteringa
- følgje den interne beredskapsplanen til bedrifta og utføre førstehjelp på ein skadestad
- behandle ordrar i samsvar med rutinane til bedrifta
- bruke dei digitale og elektroniske ressursane i bedrifta i kommunikasjon i og dokumentasjon av dei ulike arbeidsprosessane i verdikjeda
- klargjere og handtere gods i samsvar med kravet bedrifta har til kvalitet og lønnsemd
- velje emballasje og lastberar for kvar enkelt vare- og godstype og emballere for lagring og transport
- klassifisere gods for transport i samsvar med innhaldet i sendinga

- følge nasjonalt og internasjonalt regelverk og tilhørende krav til dokumentasjon for å handtere og flytte gods eller passasjerar
- velje, bruke, kontrollere og halde ved like tekniske hjelpemiddel og reflektere over konsekvensane av manglande vedlikehald
- yte service og gi kundebehandling overfor kollegaer, eksterne aktørar og kundar i tråd med måla til bedrifta
- velje og bruke sikringsutstyr til ulike logistikkoperasjonar og reflektere over konsekvensane av ulike val

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i modulen produksjon og logistikkoperatøren si rolle når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i modulen produksjon og logistikkoperatøren si rolle. Lærlingane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i lærefaget. Kompetansemåla i alle modulane skal forståast i lys av teksten om faget.

Lærlingen skal ha éin midtvegsvurdering ved avslutninga av opplæringa i produksjon og logistikkoperatøren si rolle. Midtvegsvurderinga har karakteruttrykket godkjent/ikkje godkjent.

Kompetansemål og vurdering sertifisert og dokumentert opplæring

Kompetansemål etter sertifisert og dokumentert opplæring

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- betene truck i klassene T1, T2 og T4 etter gjeldande opplæringsplan og regelverk (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- handtere og transportere varer med truck etter gjeldande forskrifter (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- gjere greie for rutiner og konsekvensar knytte til uhell ved handtering av farleg gods (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- gjere greie for innhaldet i forskrift om landtransport av farleg gods og bruke det til å planleggje transport av farleg gods i ulike klasser (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)
- sikre last etter gjeldande forskrifter (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)

- bruke ulike metodar og utstyr for å utføre sikre laste-, losse- og løfteoperasjonar (hentet fra Læreplan i ukjent tittel)

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i modulen sertifisert og dokumentert opplæring når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i modulen sertifisert og dokumentert opplæring. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i lærefaget. Kompetanasemåla i alle modulane skal forståast i lys av teksten om faget.

Lærlingen skal ha éin midtvegsvurdering ved avslutninga av opplæringa i sertifisert og dokumentert opplæring. Midtvegsvurderinga har karakteruttrykket godkjent/ikkje godkjent.

Kompetansemål og vurdering kvalitet og økonomi

Kompetansemål etter kvalitet og økonomi

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje, gjennomføre og dokumentere logistikkfaglege arbeidsoppgåver slik at materiale, varer, gods eller passasjerar blir handterte i samsvar med eigenarten sin og kravet bedrifta har til kvalitet, helse, miljø og sikkerheit og etiske retningslinjer
- reflektere over og vurdere eige arbeid og foreslå moglege forbetringstiltak
- berekne framføringstider og bestille transport i samsvar med krava kunden har til levering
- berekne og vurdere moglegheiter og avgrensingar ved bruk av ulike transportmiddel og transportløysingar ut frå talet på personar eller vekta, målet og eigenarten til varene eller godset
- reflektere over samanhengane mellom logistikkfunksjonane til bedrifta, verdikjede, lønnsemd og effektiv drift for å identifisere moglege forbetringstiltak i bedrifta
- innhente data frå praksisfeltet, gjere overslag og berekningar og lage formålstenlege framstillingar av resultata og presentere desse (hentet fra Læreplan i matematikk P)

- gjere berekningar og vurderingar knytte til måleusikkerheit og toleranse (hentet fra Læreplan i matematikk P)
- utforske og bruke eigenskapane ved geometriske figurar og rekne ut lengder, vinklar, areal, volum, forhold og målestokk i problemløysing innanfor teknologi- og industrifag (hentet fra Læreplan i matematikk P)
- tolke og bruke samansette måleiningar i praktiske samanhengar og velje eigna måleining (hentet fra Læreplan i matematikk P)
- utføre arbeidsoppgåver på ein helsemessig forsvarleg og ergonomisk rett måte innanfor gjeldande regelverk og standardar og drøfte konsekvensar av lite søvn og dårleg kosthald og verdien av gode arbeidsrutinar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i modulen kvalitet og økonomi når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i modulen kvalitet og økonomi. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i lærefaget. Kompetanasemåla i alle modulane skal forståast i lys av teksten om faget.

Lærlingen skal ha éin midtvegsvurdering ved avslutninga av opplæringa i kvalitet og økonomi. Midtvegsvurderinga har karakteruttrykket godkjent/ikkje godkjent.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva må alle ha bestått ein skriftleg eksamen som er laga ut frå læreplanen i vg3 logistikkfaget (LOG03-02). Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingsdel.

Opplæringa i logistikkfaget – modulstrukturert opplæring for voksne skal avsluttast med ei fagprøve. Fagprøva lagast ut frå læreplanen i vg3 logistikkfaget (LOG03-02). Alle skal opp til fagprøva som skal gjennomførast på to til tre yrkedagar.

For å kunna meldast opp til fagprøva, skal kandidatane ha dokumentert tryggingsopplæring for truck klassa T1 og bestått sertifisert tryggingsopplæring for truck klassa T2 og T4.